

Kjell Gjermund Nævdal
Storset 17
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar: Ref.:KW7QE6-
Skjemanr.:5367
Vår: 23/1482 - 23/14197

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
21.02.2023

Melding om utført endring av bygningstyper/ eigedomstype i Matrikkelen - gbnr 231/51 Bjørsvik

Etter krav om endring av bygningstype frå deg, dat 15.02.23, har kommunen utført endring av 3 bygningar frå type fritidsbygg til type heilårsbygg. Bruk av grunnen er også endra frå fritidseigedom til bustadeigeigedom.

Du skriv at bygget alltid har vore heilårsbustad, men at det på eit eller anna tidspunkt er blitt registrert som fritidsbustad utan at du veit kvifor. Det vert opplyst at bygget aldri har vore nytta som fritidsbustad.

Det går fram av Sefrakregisteret at bygget er oppført som bustadhus. Dette samsvarar med vedtak frå 2001 der du fekk konsesjon for å kjøpa bustadeigedom for å nytta han til bustad og har bustadadresse på eigedomen (reg. innflytta i 2002). Vi kan ikkje finna opplysningar i arkivet som viser at eigedomen er bruksendra til fritidsbustad. Dette kan tyda på at eigedomen kan ha blitt endra/feilregistrert som fritidsbustad pga ynskje om nedsetting av avgifter ein periode. Det verkar som eigar av eigdommen før 2001 truleg brukte dette som fritidshus, ukjent kor lenge.

Saka har vore vurdert av byggesak, som at bygget kan registrerast som einebustad utan ytterlegare behandling etter pbl.

Det ligg også registrert eit bygg (bygn nr 176 309 393) type anna landbruksbygning. Dette er ikkje registrert i kartet med omriss. Dette kan skuldast at det er revet, eller at det er skjult av vegetasjon (ikkje synleg frå flyfoto). Gje gjerne ei tilbakemelding på dette slik at me eventuelt kan melda dette bygget revet, eller endra til garasje/uthus/anneks til bustad, som dei andre uthusa på eigdommen.

Avdelinga som lagar grunnlaget for kommunale avgifter får melding om endringa.

NGIR (renovasjon) får også melding om utført endring.

Vedlagt ligg matikkelbrev for eiedommen som viser kva som var/er registrert om bygget før og etter endringa.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Matrikkelbrev 231-51
Matrikkelbrev 231-51 etter endring

Mottakarar:

Kari Zahl Nævdal	Storset 17	5993	Ostereidet
Kjell Gjermund Nævdal	Storset 17	5993	OSTEREIDET